

### **Før jordfestelsen**

Velt all din veg og vande og all din hjarte verk  
på Far i livsens lande, han har ein arm så sterk  
han som kan stormen binde og bryte bylgja blå  
han skal og leia finne, så du kan hamna nå

### **Etter jordfestelsen**

Så lat hans visdom råde, du honom tru deg til  
Med kjærleik og med nåde han snart deg hjelpe vil  
Han all din vande kjenner, som fyller deg med gru,  
snart skal hans faderhender di sorg til glede snu



Prest: Bjørn Erik Schjerverud  
Orgel: Odd Øystein Delbekk  
Solosang: Mariann Fjeld-Solberg  
Piano og fiolin: Sigurd og Sverre

Takk for at du kom  
og var sammen med oss i dag  
Familien



**Elfrid Refsdal Søvold**

19-1-1929      1-4-2020

Skedsmo kirke  
tirsdag 7. april 2020

Eg veit i himmerik ei borg,  
Ho skin som soli klåre  
Der er'kje synder eller sorg  
Der er'kje gråt og tåre

Der inne bur Guds eigen Son  
I herlegdom og æra  
Han er mi trøyst og trygge von  
Hjå honom eg skal vera

Eg fattig hit til verdi kom  
og rann av ringe røter,  
fer herifrå med handi tom,  
og dødens vald meg møter.

Men visst eg veit, ein morgon renn  
då dødens natt skal enda.  
Min lekam opp or gravi stend  
og evig fryd får kjenna.

Me takker deg til evig tid,  
Gud Fader, alle saman,  
for du er oss så mild og blid  
i Jesus Kristus! Amen

*Bernt Støylen*

\*\*\*

Solosang: Våren, Edvard Grieg

\*\*\*

Viljen din verte på jord, som i Himlen, - me beda.  
Fyll då mitt hjarta, so eg fyl min hyrding med gleda.  
Viljen din må inn i mitt hjarta få rå  
so til di ros eg kan kveda

Kunde din vilje i verdi den einaste vera.  
Vondskapen kvarv, og det gode me då vilde gjera.  
Kunde eg snu vilja og gjera som du,  
inkje var tungt meir å bera.

Viljen din verte! Å hjelp meg, om tungt det kan falla.  
Om det er morgon, hell og det mot kveld med meg hallar.  
Reide meg gjer viljugt deg fylgja på ferd  
når du meg inn til deg kallar.

Viljen din, - den eg so ofte har vandt for å fata.  
Sjølvkjær eg døri for deg ikkje heilt opp vil lata.  
Hjelp meg på kne! Hjelp meg til frelsa og fred  
inn ved din kross på Golgata.

*Ivar Refsdal 1942, tone: Lover vår Herre*

\*\*\*

Den fyrste song eg høyra fekk  
var mor sin song ved vogga  
dei mjuke ord til hjarta gjekk  
dei kunne gråten stogga

Dei sulla meg so underleg  
så stilt og mjukt te sova  
dei synte meg ein fager veg  
opp frå vår vesle stova

Den vegen ser eg enno tidt  
når eg fær auga kvila  
der stend ein engel, smiler blidt  
som berre ei kan smila

Og når eg sliten trøytmar av  
i strid mot alt som veilar  
eg høyrer stilt frå mor si grav  
den song som all ting heilar

\*\*\*

*Per Sivle*

Solosang: Gabriellas sång